

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 3. desember 2020 12:10
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 43/2020, 3. DESEMBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 43/2020, 3. DESEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONA (1): FLEIRE SMITTA I VOLDA - FRAMLEIS UKJENT SMITTEKJELDE

Volda kommune har informert om at det er fleire smitta i Volda dei siste dagane og at det også er ukjent smittekjelde for einskilde smitta. Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

KORONA (2) SAMLINGAR BLIR DIGITALE OGSÅ I FEBRUAR - SOM HOVUDREGEL

Kriseleiinga har avgjort at vi som hovudregel held fram med digital undervisning på alle samlingsbaserte studiar også i februar. Det kan verte enkelte unnatak, til dømes på profesjonsutdanningane. Unnatak må drøftast på studieprogramnivå og skal godkjennast av ansvarleg dekan for studieprogrammet og intern frist er fredag 11. desember. Det er studieprogramleiar sitt ansvar å informere studentane. Alle studentane skal ha beskjed om kva som gjeld for deira studie i Canvas seinast 15. desember.

KORONA (3) INGEN SKRIFTLIGE SKULEEKSAMENAR VÅREN 2021

Kriseleiinga har avgjort at det blir same eksamensform i vårsemesteret 2021 som haustsemesteret 2020. Det betyr at alle skriftlege skuleeksamenar våren 2021 skal gjerast om til digitale eksamensformer utan oppmøte på høgskulen og det er 49 eksamenar som må endrast. Praktiske eksamenar kan gå som planlagd. Fagmiljøa kan sjølv avgjere korleis ein vil avvikle munnleg eksamen, men ein skal legge til rette for å minimere reiseaktivitet, til dømes dersom studenten eller ekstern sensor ikkje oppheld seg i Volda. Kriseleiinga har alt no bestemt dette for å gi føreåttseielege rammer for studentar og tilsette og meiner framleis at risikoen ved skriftleg skuleeksamen er for stor.

KORONA (4) RUTINE VED SMITTE ELLER KARANTENE

Kriseleiinga ved Høgskulen i Volda minner om rutine ved smitte/karantene. HVO ved kriseleiinga har tett dialog med kommuneoverlegen når det gjeld handtering av pandemien. Kommuneoverlegen har vore tydeleg på at det er kommunen sitt smittesporingsteam som avgjer kven som skal i karantene. HVO skal ikkje sjølv setje studentar eller tilsette i karantene. Det er også kommunen som ansvarleg smittevernmyndigheit som avgjer når ein skal kommunisere ut at nokon er smitta/sett i karantene i kommunen. Vi har også løpande dialog med kommunen om det er naudsynt med ekstra smitteverntiltak. Enn så lenge har det ikkje vore behov for det ved HVO.

SISTE STYREMØTE I 2020: TORSDAG 10. DESEMBER

Høgskulestyret har sitt siste møte i 2020 den 10. desember med møtestart klokka 09.00. Møtet blir strøyma på video og lenke til møtet blir lagt ut på www.hivolda.no. Styresakene blir sende til styret og [kan lesast på denne nettsida](#). På dagsorden i møtet står blant anna studieportefølje, planar og budsjett for 2021.

FALSK BRANNALARM PÅ NYE KAARSTAD

Måndag 30. november [gjekk brannalarmen på HVO](#) og varselet vart utløypt i ein verkstad på Nye Kaarstad. Heldigvis var det falsk alarm og truleg var det støv som utløypte brannalarmen. [Branninstruksen ved høgskulen finn ein i HMS-handboka \(krev innlogging\).](#)

BERBARE PC-AR TIL ALLE TILSETTE I 2020

Dei aller fleste tilsette på Høgskulen i Volda har i løpet av 2020 vorte utstyrt med berbare PC-ar i staden for bordmaskinar, opplyser IT-kontoret. Høgskulen har hatt eit langsiktig mål om å gå over til berbare PC-ar for tilsette når dei gamle bordpc-ane går ut på dato. Men pandemien og ein meir omskifteleg kvardag har gjort at høgskulen har framskunda utskiftinga. No er det berre nokre få titals av dei over 350 tilsette ved Høgskulen i Volda som framleis ikkje har berbar PC som sin jobbmaskin.

NY IDRETTSHALL: MEDIESTUDENTAR OG EDUROAM

Høgskulens nye nabo [Volda Campus Sparebank1 Arena](#) har offisiell opning om få dagar. Høgskulen i Volda kjem på plass i den nye hallen ved at mediestudentar brukar rom i hallen i praksisperioden etter jul. IT-kontoret ved Høgskulen i Volda har også lagt til rette for at det trådlause nettverket Eduroam vil fungere akkurat på same måte inne i hallen som på resten av høgskuleområdet.

FJORDKONFERANSEN 2021, MOLDE: TEMA ER BEREKRAFT

I 2021 er Høgskolen i Molde arrangør av Fjordkonferansen. Plan A er å halde ein fysisk konferanse på Høgskolen i Molde. Konferansen er planlagt i over to dagar, den 16. og 17. juni 2021. Arrangementskomiteen har invitert Thomas Hylland Eriksen og Jørgen Randers som hovudtalarar. [Les meir om Fjordkonferansen og Fjordantologien på nettsidene Fjordkonferansen.no.](#)

PROFESSOR II RUNE KRUMSVIK KÅRA TIL «FRAMIFRÅ UNDERVISAR»

[Professor II Rune Johan Krumsvik](#), AKF, er tilsett ved Universitetet i Bergen, psykologisk fakultet. Krumsvik har no vorte kåra som [«Fremragende underviser» ved fakultetet.](#)

MINNE-MEISTER GIR EKSAMENSTIPS TIL VOLDASTUDENTAR

Oddbjørn By er verdsmeister i hukommelse og kjend frå Norske Talenter (2018), Puls, Schrödingers Katt, Newton og frå andre samanhengar. By har også skriva ei lærebok i minneteknikk som mange andre minne-meisterar har brukt, så han er ikkje berre god til å hugse, han er også god til å lære i frå seg. [Les meir på nettsidene til Høgskulene i Volda.](#)

NETTSTUDENT PÅ 78 GRADER NORD: JON EVEN FRÅ STORD STUDERER I VOLDA - FRÅ SVALBARD

Jon Even Siglen Berger bor på Svalbard og er samtidig deltidsstudent ved Høgskolen i Volda. 25-åringen frå Stord tek Religion, kultur og samfunn som reint nettstudium medan han jobbar som lærar ved Longyearbyen skole. [Les meir på nettsidene våre.](#)

REISEBYRÅ: HØGSKULEN HAR GÅTT TILBAKE TIL BERG-HANSEN

Høgskulen har frå november 2020 bytta reisebyrå frå Egencia til Berg-Hansen. Høgskulen hadde også tidlegare Berg-Hansen som leverandør av reiser. Skiftet er ein del av ein statleg rammeavtale som gjeld for alle statlege høgskular og universitet. For den einskilde tilsette betyr skiftet stort sett at det blir ei ny nettside å tinge reiser frå.

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2): NYE RAPPORTAR, STUDENTOPPGÅVER OG ANDRE ARBEID

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, rapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

PUBLISERINGAR (3) KJELL-ARILD MADSSEN: "LEVDE LÆRERLIV: VOLDA-LÆREREN I BREVBØKER 1930-1995"

Førsteamanuensis em. Kjell-Arild Madssen har skriva boka ["Levde lærerliv: Volda-læreren i brevbøker 1930-1995"](#). Boka handlar om tidlegare studentar ved Volda lærarskule i åra 1930-1949, og kjeldematerialet er "brevbøker" som klassekameratane sende til kvarandre etter utdanninga og inn yrkeslivet. I opptil 50 år delte dei stort og smått om livet som lærar - og mykje anna. Boka tilgjengeleg for alle gjennom open tilgang (Open Access), og er gitt ut i [skriftserien Kyrkjefag Profil der dosent em. Jan Ove Ulstein er redaktør.](#)

PUBLISERINGAR (4) KJELL ARILD MADSSEN: "ERLING KRISTVIK - EN NASJONAL STRATEG?"

Førsteamanuensis em. Kjell-Arild Madssen har skriva boka ["Erling Kristvik - en nasjonal strateg?"](#). Sentrale sider ved Kristviks forfatterskap blir drøfta og ein sentral tekst er "Folkelære. Pedagogisk sosiologi". Denne teksten var lenge

rekna som tapt, men har heldigvis vorte attfunnen. Boka tilgjengeleg for alle gjennom open tilgang (Open Access), og er gitt ut i [skriftserien Kyrkjefag Profil der dosent em. Jan Ove Ulstein er redaktør](#).

PUBLISERINGAR (5) HELGA LØVOLL OG WENCHE TORRISSEN OM PILEGRIMSVANDRING

[Førsteamanuensis Helga Synnevåg Løvoll](#) og [professor Wenche Torrisen](#), begge AKF, har publisert artikkelen "[Kunsten å gå: Pilegrimsvandring og subjektiv livskvalitet](#)" i tidsskriftet [Nordic Journal of Arts, Culture and Health](#).

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020-2021

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

3.-4.12.2020: Avdelingsseminar, AMF, Thon Fosnavåg

10.12.2020: [Styremøte](#)

8.-12.2.2020: Internasjonal veke

18.-19.3.2021: Avdelingsseminar, ASH

16.-17.6.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde

24.-28.9.2021: [Forskingsdagane 2021](#)

29.-30.9.2021: [Karrieredagane 2021](#)

3.-4.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

27.11.2020: [Adventskonsert 2020: Helsing frå rektor](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#).

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

